



Årsplan 2024/2025

Espira Finnås

Innhaldsliste

Vi er ein Espira-barnehage	2
Kva er ein årsplan	3
Barnehagen sine fagområde	3
Barnehagen sitt verdigrunnlag	4
Barnehagen sitt formål og innhald	4
Barnehagen skal vareta barna sitt behov for omsorg	4
Barnehagen skal vareta barna sine behov for leik	7
Barnehagen skal fremme læring	8
Barnehagen skal fremme danning	11
Barnehagen skal fremme vennskap og fellesskap	13
Barnehagen skal fremme kommunikasjon og språk	15
Barnehagen skal sørge for eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø	17
Barn sin medverknad.....	18
Foreldresamarbeid og foreldra sin medverknad.....	19
Tilvenning av nye barn	20
Samarbeid og samanheng med skulen.....	21
Espira sine satsingsområde	22
Lokale satsingar	24
Vurderingsarbeid.....	26
Kontaktinformasjon.....	26

Vi er ein Espira-barnehage

Espira består av om lag 100 barnehagar frå Lindesnes i sør til Levanger i nord. I Espira har vi eit mangfald av barnehagar med lokale tradisjonar og tett tilknyting til nærmiljøet. Vi har også noko som er felles for alle barnehagane. Vi har blant anna eit felles Barnesyn, felles satsingsområde og felles metodikk for kvalitetsvurdering og utvikling av den pedagogiske praksisen.

Årsplanen er bygd på barnehagelova og rammeplanen for barnehagen sitt innhald og oppgåver.

Les om Espira sin faglege profil her:

www.espira.no

[Espira Finnås i Bømlo kommune - Espira](#)

Les fakta om barnehagen her:

[Espira Finnås barnehage - Barnehagefakta.no](#)

Kva er ein årsplan

I rammeplanen for barnehagen sitt innhald og oppgåver står det at årsplanen skal vise korleis barnehagen vil arbeide for å omsette rammeplanen sitt formål og innhald, og barnehageeigaren sine lokale tilpassingar til pedagogisk praksis. Årsplanen er eit arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og dokumenterer barnehagen sine val og grunngjevingar.

Basert på årsplanen utarbeidar barnehagen planar for korte og lengre tidsrom, og for ulike barnegrupper etter behov. Desse planane vert publisert på vår digitale kommunikasjonsplattform, Spireportalen.

Barnehagen sine fagområder

I rammeplanen er det definert sju fagområde som barn skal utvikle kunnskapar og ferdigheter innanfor gjennom undring, utforsking og skapande aktivitetar. Fagområda skal ein sjå i samanheng, og alle fagområda skal vere ein gjennomgåande del av barnehagen sitt innhald. Fagområda tilsvara i stor grad dei faga barna seinare vil møte i skulen.

Arbeid etter fagområda vert synleggjort i barnehagen sine periodeplanar og vekeplanar, i Spireportalen.



Barnehagen sitt verdigrunnlag

I følgje rammeplanen skal barnehagen sitt verdigrunnlag formidlast, praktiserast og opplevast gjennomgåande i barnehagen sitt pedagogiske arbeid. Rammeplanen konkretiserer verdigrunnlaget ved å løfte nokre områder som skal prege barnehagen sitt arbeid gjennomgående.

Desse er: demokrati, mangfold og gjensidig respekt, likestilling og likeverd, berekraftig utvikling og livsmeistring og helse.

Barnehagen sitt verdigrunnlag skal ligge til grunn for alt arbeid i barnehagen.

Barnehagen sitt formål og innhold

Ifølgje rammeplanen skal barnehagen sitt innhold vere variert og allsidig og tilpassast enkeltbarn og barnegruppa. Arbeid med omsorg, danning, leik, læring, vennskap og fellesskap og kommunikasjons og språk skal sjåast i samanheng og bidra til allsidig utvikling. Rammeplanen har mål for personalet sitt arbeid innan desse fagområda. Vi arbeider kvar dag mot desse måla.

I Espira arbeider vi systematisk med å heve kvaliteten på den pedagogiske praksisen. Vi har konkretisert rammeplanen sine mål om omsorg, danning, leik, læring, vennskap og fellesskap, kommunikasjon og språk og eit trygt og godt psykososialt miljø til kjenneteikn på kvalitet på den pedagogiske praksisen. Desse vert synleggjort i årsplanen vår.

Barnehagen skal vareta barna sitt behov for omsorg

Kva	
I vår barnehage anerkjenner vi barna sine kjensler.	Det skal vere rom for barna sine ulike kjensler, og vi skal i like stor grad vere saman med barnet i deira sinte eller triste kjensler som dei "gode".
Vi legg til rette for at ein gir barna moglekeit for ro og kvile i løpet av barnehagedagen.	Når barn har behov for ro og kvile skal dei få mogleheit til å ta ein pause, la tankane flyte, kunne trekke seg tilbake og søke ro, kvile og avslapping gjennom barnehagedagen.
I vår barnehage er måltida prega av trivsel og god stemning.	Måltidet skal vere ein sosial arena som gir gode mogleheter for å skape gruppetilhøyring og trivsel, og vi skal fungere som gode rollemodellar, samtalepartnarar og støttespelarar under måltidet.
I vår barnehage møter vi barna med positive haldningar.	Vi skal ha eit Barnesyn der vi ser på alle barn som unike og likeverdige individ. Vi skal vere støttande, vennlege og varme.
Kvifor	
Omsorg er ein føresetnad for barn sin tryggleik og trivsel, og for utvikling av empati og nestekjærleik. Barnehagen skal gi barna mogleheit til å utvikle tillit til seg sjølv og andre. I barnehagen skal alle barna oppleve å verte sette, forstått, respektert og få den hjelpa og støtta dei har behov for. Barnehagen skal aktivt legge til rette for omsorgsfulle relasjoner mellom barna og personalet og mellom barna, som gir grunnlag for trivsel, glede og meistring. Personalet skal arbeide for eit miljø som ikkje berre gjer barna til mottakarar av omsorg, men som også verdset barna sine eigne omsorgshandlingar.	
Korleis	
Slik jobbar vi med å ivareta barna sitt behov for omsorg:	
Med småspirene: På Måsen er me opptatt av å være der barna er. Dei har trong for tilstadeverande trygge omsorgspersonar. Vaksne som er der og gjev tryggleik for barna gjennom faste rutinar og anerkjennande veremåte. Dei minste treng faste grenser for å skape tryggleik i kvar dagen. Barna får eit fang når dei treng det, og behovet for ro og kvile vert godt ivareteke.	
Med dei mellomste: Denne aldersgruppa treng det same som dei minste barna, og me bygg vidare på det grunnlaget som vert lagt på Måsen. Samarbeid om overgangen mellom liten til stor avdeling er godt ivareteke. Det er viktig at barna får ein fast kontaktperson på den nye avdelinga slik at dei kjenner seg trygge. Me legg til rette for gode samspel gjennom leik og aktivitetar. Dei vaksne er observante og ser når	

barna treng å være nær ein vaksen, og har behov for ekstra omsorg. Ro og kvile er viktig for denne aldersgruppa, nokon skal sove og nokon treng å slappe av litt. Grenser og rutinar er også viktig. Det er med på å gje barna den tryggleiken og omsorgen dei treng.

Med skolespirene:

Dei eldste barna har eit stort behov for den gode omsorgen, men har ikkje same behovet for å være så nær dei vaksne heile tida. Det er viktig at dei veit at me er der for dei når dei treng oss. Me bygge vidare på den utviklinga som har vore, og det vert veldig viktig å følgje kvart einskilt barn tett. Kvar og ein har ulike behov. Me støtter barna i å syne omsorg for kvarandre, og det er fint å sjå kor omsorgsfulle dei eldre er for dei yngre.



Barnehagen skal vareta barna sine behov for leik

Kva	
Vi legg til rette for pedagogiske miljø som inspirerer til leik.	I vår barnehage skal det vere gode pedagogiske miljø som inspirerer til leik. Barna skal få mange leikeidear og lyst til å leike.
I vår barnehage observerer vi barna sin leik.	Vi skal vere "skrudd på" og "til stades" slik at vi kan gå inn og støtte barna ved behov. Vi skal ha auge for barna sin leik, relasjoner og det som skjer mellom barna.
I vår barnehage tilfører vi leiken begeistring og glede.	Vi skal legge til rette for spennande erfaringar og opplevingar. Vi skal glede oss saman med barna, bruke humor, varme og latter.
I vår barnehage får leiken god plass i dagsrytmen.	Korleis vi organiserer barnehagekvardagen påverkar for kva plass vi gir leiken.
Kvifor	
Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og ein skal anerkjenne leiken sin eigenverdi. Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur. Leiken skal vere ein arena for barna si utvikling og læring, og for sosial og språkleg samhandling. Barnehagen skal inspirere til og gi rom for ulike typar leik både ute og inne. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning, og engasjement gjennom leik – aleine og saman med andre.	
Korleis	
Slik jobbar vi med å vareta barna sitt behov for leik:	
Med småspirene: På Måsen er det viktig at dei vaksne heile tida er til stades i leiken med barna, for å støtte i samspelet, og for å oppretthalde god leik. Hos dei minste er det viktigare med fleire leiker av ein sort enn mange ulike leiker. Dei minste vil som oftast ha det dei andre har, og leiker paralleleik. Personalet må skape gode leikemiljø, og leggje ut «leikespor» for å hjelpe barna inn i leik. Dette kan bidra til at barna får felles erfaringar som grunnlag for lek og legge til rette for utvikling av leiketema.	
Med dei mellomste: No er barna i gong med å utvikle leiken til å leike meir i lag enn i paralleleken. Dei skal lære nye «leikereglar» og dei treng hjelp og støtte i denne overgangen. Dei vaksne må tilretteleggje for leiken og være deltakarar på barna sine premissar. Personalet må organisere gode leikemiljø, lekemateriale, og tid for å inspirere til ulike typar lek. Dette gjeld både ute og inne.	

Dei vaksne si rolle i barnas leik, er mellom anna og hjelpe barn som står utanfor leiken. Me vert veldig godt kjent med barna når me er saman med dei i leiken, og me kan hjelpe dei til å mestre utfordringar eller å løysa eventuelle konfliktar.

Leiken får ny næring i alt barna opplev, derfor må me sørge for at barna får varierte og allsidige opplevingar i barnehagen.

Me legg til rette for frileik på tvers av aldersgrupper og i aldershomogene grupper.

Med skulespirene:

Dei vaksne må leggje til rette for miljø som skapar leik som barna i større grad kan drive sjølv, og ha større fokus på læringsprosessar i leiken/leikemiljøa. Det er viktig at me tek barna sine innspel på alvor. Personalet må rettleie barna dersom leiken medfører uheldige samspelemonster. Det er viktig å hjelpe barna til å kunne ha ulike leikepartnarar.

Me legg til rette for frileik på tvers av aldersgrupper og i aldershomogene grupper.



Barnehagen skal fremme læring

Kva	
Vi legg til rette for eit pedagogisk miljø som inspirerer barna til nysgjerrigkeit og utforsking.	Barna lærer mest og best når dei kan utforske og verte nysgjerrige. Dei pedagogiske miljøa skal utvide barna sine erfaringar og skape moglegheit for progresjon.
Vi fordeler merksemda godt blant barna.	Vi skal fordele merksemda godt blant barna og vere medvitne på at alle barn skal verte sett og hørt som enkeltbarn og i heile gruppa.
Vi dokumenterer barna sin læringsprosess i det pedagogiske miljøet.	Dokumentasjon synleggjer barna sine aktivitetar, kva barna er opptekne av og kva tema vi jobbar med. Dokumentasjonen skal vere synleg for barna og for andre.
I vår barnehage utfordrar vi barna si tenking.	Å utfordre barna si tenking handlar både om å ta barna sine tankar og meininger på alvor, samtidig utvide og ta dei vidare. Vi skal vise barna at vi er interessert i kva og korleis dei tenker.
Kvifor	
I barnehagen skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om deira lyst til å leike, utforske, lære og meistre. Barnehagen skal introdusere nye situasjoner, tema, fenomen, materiell og reiskap som bidreg til meaningsfull samhandling. Barna si nysgjerrigkeit, kreativitet og vitebegjær skal anerkjennast, stimulerast og leggast til grunn for læringsprosessane deira. Barna skal få undersøke, oppdage og forstå samanhengar, utvide perspektivet og få ny innsikt. Barna skal få bruke heile kroppen og alle sansar i læringsprosessen. Barnehagen skal bidra til eit læringsfellesskap der barna skal få bidra i eigen og andre sin læringsprosess.	
Korleis	
Slik jobbar vi med å ivareta barna sitt behov for læring:	
<p>Med småspirene: Barn lærar i all samhandling med andre barn og voksne og me må leggje til rette for å stimulere til læring. Alt me gjer saman med barna gir god læring. Dette har me i tankane når me organiserer og planlegg ulike aktivitetar. Me legg til rette for at barna skal få delta, undre seg og bruke sansane sine gjennom leiken og ulike aktivitetar. Me har m.o.a materiell frå forskerfabrikken som vert ivrig nytta.</p> <p>Me studerer naturen gjennom sansane våre heile året for å bli kjent med dei ulike årstidene, både i barnehagen men og i nærmiljøet vårt. Barna lærar best ved å «gjere sjølv». Personalet må være aktive, nysgjerrige, opne og deltagande i lag med barna. Me skal ha ulike prosjekt- og temaarbeid som er tilpassa aldersgruppa.</p> <p>Dokumentasjon frå læringsprosessane må være plassert slik at barna kan sjå det.</p>	

Med dei mellomste:


Barn lærar i all samhandling med andre, og i takt med eiga utvikling, modning og interesser. Me har frie og organiserte aktivitetar som stimulerer til læring. Barna må bli møtt på sine innspel og kjenne at dei medverkar til eigen læring. Etter kvart som barna vert eldre kan me tilføre fleire og nye element i leik og aktivitetar. Me har ulike prosjekt- og temaarbeid i grupper på tvers av alder og i aldershomogene grupper. Barna lærar best ved å «gjere sjølv». Personalet må være aktive, nysgjerrige, opne og deltagande. Me må gje barna ulike erfaringar for å bli trygge og sjølvstendige. Dokumentasjon frå læringsprosessane må være plassert slik at barna kan sjå det. Me dokumenterer også læringsprosessane i Spireportalen. Der kan barna sjå i lag med foreldra heime, og få i gong gode samtalar om det dei har vore med på i barnehagen.

Med skulespirane:

Denne aldersgruppa er nysgjerrige og læringsvillige. Dei lærar i all samhandling med andre, og i takt med eiga utvikling og modning. Me skal ha fokus på barn sin medverknad ved å lytte til barna sine tankar og ynskjer. Barna skal få ta del i planlegging og vurdering av det me held på med av tema i barnehagen. Me må undre oss og finna ut av ting i lag. Me må dela av kunnskapen vår og være engasjerte i det som barna er opptekne av.

Me skal tilby ulikt materiell og bøker. Gjennom bruk av internett, «trampolineboka», faktabøker og bruk av konkretar til ulike tema skapar ein nysgjerrigkeit og lærerlyst. Me skal være aktive i arbeidet med «Forskerfabrikken» og tilpassar aktivitetar i forskerfabrikken ut i frå alder og modning. Me har flott natur i nærlieken til barnehagen og me brukar denne flittig i alle årstider. For å skape god læring for barna må personalet være aktive, nysgjerrige, opne og deltagande, og me må skape gode pedagogiske leikemiljø. Me skal ha ulike prosjekt- og temaarbeid avdelingsvis og på skulespira.

Dokumentasjon frå læringsprosessane må være plassert slik at barna kan sjå det. Me dokumenterer også læringsprosessane i Spireportalen. Der kan barna sjå i lag med foreldra heime, og få i gong gode samtalar om det dei har vore med på i barnehagen.



Barnehagen skal fremme danning

Kva	
I vår barnehage møter vi barna med det dei er opptekne av.	Vi skal vere interessert i kva barna er opptekne av, og ta oss tid til å undersøke og fange interessene deira. Vi skal vere nysgjerrige på korleis verda ser ut frå deira ståstad, vere lydhøyre og vise barna at meiningsane deira og opplevingane har tyding.
I vår barnehage støttar vi relasjonar mellom barn.	Vi skal vere til stades i leiken og samspelet, og skape eit barnehagemiljø der alle er med i eit inkluderande fellesskap.
I vår barnehage støttar vi barna i å utvikle eit positivt forhold til seg sjølv.	Barna skal oppleve å vere gode nok slik dei er, ha tru på eigne evner og eigenskapar, og utvikle eit positivt forhold til seg sjølv.
Vi legg til rette for at aktivitetar i barnehagen er meiningsfulle for barna.	Vi skal finne ut kva barna er opptekne av og legge til rette for at barna opplever at aktivitetane er meiningsfulle.
Kvífor	
Barnehagen skal støtte barna i å forhalda seg prøvande og nysgjerrig til omverda og bidra til å legge grunnlag for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap. Barnehagen skal fremme samhald og solidaritet samtidig som individuelle uttrykk og handlingar skal verdsettast og følgast opp. Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå felles verdiar og normer som er viktig for fellesskapet. Barnehagen skal bidra til å fremme barna si tilhøyring til samfunnet, naturen og kultur.	
I barnehagen skal barna få delta i sluttningsprosessar og utvikling av felles innhald. Barna skal støttast i å uttrykke synspunkt og skape mening i den verda dei er ein del av. Gjennom samspel, dialog, leik og utforsking skal barnehagen bidra til at barna utviklar kritisk tenking, etisk vurderingsevne, evne til å yte motstand og handlingskompetanse, slik at dei kan bidra til endringar.	
Korleis	
Slik jobbar vi med å fremme danning:	
Med småspirene: Dei minste barna i barnehagen er i startfasen på ei lang danningsreise. For mange er barnehagen fyrste staden der barna treff andre enn sin nærmeste familie. Det er mykje dei skal lære om seg sjølv og verda kring seg. Dei skal bli kjent med korleis dei er når dei er i lag med andre, og korleis andre er i lag med dei. Personalet må være til stades for å støtte dei i desse møta, slik at alle kjenner seg som ein viktig del av fellesskapet.	

Med dei mellomste:

Barna samhandlar etter kvart på ein anna måte i takt med korleis språket utviklar seg. Dei kan sei med ord kva dei ønskjer frå andre. Den sosiale utviklinga blømer og me skal støtte og hjelpe dei i bløminga. Me skal være lydhøye overfor alle barna sine uttrykk gjennom kroppsspråk og verbalspråk. Barna vert oppmuntra til å fortelje om eigne tankar, kjensler og opplevingar. Personalet må støtte opp om og vareta dei gode samtalane, og synleggjere våre grunnleggjande verdiar gjennom å være gode rollemodellar. Barna lærer det dei ser og hører. Me skal bidra til at barna kan utvikle tillit til seg sjølv og andre, i eit trygt fellesskap. Alle barna skal få ei oppleving av å bli tatt på alvor, tote å ytra sine ynskjer og meininger, og bli forstått. Barna skal bli støtta i å ta val og stå for vala sine.

Med skulespirene:

Det siste året i barnehagen skal by på mange gode opplevingar med jamnaldrande. Me må være medvitne om at barna skal få være «barnehagebarn», og ikkje drive «skule». Barna skal få komme med forslag og innspel til leik og aktivitetar, og dei skal få delta i etterarbeid og evaluering. På denne måten lærer dei at deira oppleving har betydning. Personalet må være lydhøye overfor alle barna sine uttrykk gjennom kroppsspråk og verbalspråk, og barna må bli oppmuntra til å fortelje om eigne tankar, kjensler, og opplevingar. Personalet må vareta dei gode samtalane og leggje grunnlaget for at barna skal utvikle god dugleik for kommunikasjon, refleksjon, og konfliktløysing. Ved å syne barna at dei er viktige for fellesskapet er me med på å gje dei tillit til seg sjølv og andre. Personalet må leggje til rette for meiningsfulle opplevingar, og støtte barna si identitetsutvikling og positive sjølvmedvite gjennom å utfordre tenkinga deira.

Personalet skal være dei autoritative vaksne, dei som syner omsorg og set grenser med ein varm og trygg veremåte. Me skal bidra til å auke barna sin kunnskap og forståing for at barn i ulike delar av verda har andre levevilkår enn norske barn. Espira er stolt samarbeidspartner med SOS barnebyar, og driv ein barnehage i Zimbabwe. Kvar sommar har me ein «solsikkefest» til inntekt for denne barnehagen.



Barnehagen skal fremme vennskap og fellesskap

Kva	
I vår barnehage er det ei blanding av organisering i større og mindre grupper.	I mindre grupper leikar ofte barna godt og vi vert meir sensitive for barna sine behov.
Vi hjelper barn som har behov for støtte i leik.	Vi har ansvar for at alle barn er inkludert i leik og at ingen barn fell utanfor leikefellesskapet.
I vår barnehage snakkar vi med barna om vennskap og fellesskap.	Vi skal støtte barna i utviklinga av sosial kompetanse og saman med barna sette ord på både godt og vanskeleg samspele. Vi skal sørge for at negative samspelemonster ikkje festar seg.
I vår barnehage inviterer leiker og materiell til felles leik og samspele.	Det skal vere nok leiker og materiell til at mange kan leike saman, utvalet skal vere variert og inspirere barna til å leike.
Kvífor	
Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheter, kunnskap og haldningar som utviklast gjennom sosialt samspele. I barnehagen skal alle barn kunne erfare å ha verdi for fellesskapet og å vere i positivt samspele med barn og vaksne. Barnehagen skal aktivt legge til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap. Barna sin sjølvkjensle skal støttast, samtidig som dei skal få hjelp til å meistre balansen mellom å ivareta eigne behov og det å ta omsyn til andre sine behov.	
Korleis	
Slik jobbar vi med å fremme vennskap og fellesskap:	
Med småspirene: Me skal støtta barna sine initiativ til samspele og bidra til at alle kan få leike med andre og oppleve venskap. Me deler oss i små grupper med nærverande vaksne som er aktive støttespelarar og rettleiarar i leiken. Me har vaksne som oppmuntrar barna til å dele og ta omsyn til kvarandre.	
Med dei mellomste: Hos oss skal me støtte barna sine initiativ til samspele, og bidra til at alle kan få leike med andre, oppleve venskap og fellesskap. Me skal ha fokus på å inkludera, og motverke mobbing, utestenging og krenking. Barna må støttes i å ta andre sine perspektiv, og sjå ei sak frå fleire sider. Personalet må lære barna å reflektere over eigne og andre sine grenser, kjensler, opplevingar og meininger.	
Med skolespirene: Personalet skal støtte barnas initiativ til samspele og bidra til at alle kan få leike med andre, oppleve vennskap og lære å behalde vene. Barna treng støtte i å kunne ta andre sitt perspektiv, kunne sjå	

ei sak frå fleire sider, og kunne reflektere over eigne og andre sine kjensler, opplevingar og meininger. Me skal ha fokus på å «være ein god ven», og kva det tyder å være ein ven. Barna treng å lære korleis dei set grenser for seg sjølve, og kva det vil seie å respektere andre sine grenser. Me jobbar for å førebygge, stoppe og følgje opp diskriminering, utestenging, mobbing, krenkingar og uheldige samspelsmønstre.

I alle aldersgrupper har me leik i små og større grupper, og har samlingar med innhaldsom omhandlar venskap og fellesskap. Me nyttar ulike pedagogiske opplegg som fremjer venskap og fellesskap. «Grøne tankar-glade barn» er eit eksempel på slik opplegg. Venskap og felleskap er gjennomgåande fokus heile året.



Barnehagen skal fremme kommunikasjon og språk

Kva	
Vi forsterkar vår kommunikasjon med kroppsspråk og konkretar etter behov.	Vi skal vere reflekterte og medvitne på kroppsspråk, kva ord og setningar vi bruker i samtalar med barna, og bruke konkretar etter behov.
Vi brukar språket aktivt som støtte i leik og aktivitetar.	Vi skal bruke språket aktivt og støtte barna si språkutvikling i alle leikar og aktivitetar i kvardagen.
I vår barnehage sørger vi for at alle barn får moglegheit til å delta i samtalar.	Vi skal medvitent invitere barna inn i samtalar sjølv om dei ikkje ber om å vere med sjølv.
I vår barnehage leiker vi med språk, for eksempel gjennom regler, rim, ordleik og fortellingar.	I eit godt språkmiljø inngår språkleik og vi skal vere språkleg medvitne når vi er saman med barna.
Kvífor	
Barnehagen skal vere medviten på at kommunikasjon og språk påverkar alle sider ved barn si utvikling. Gjennom dialog og samspel skal barna verte støtta i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape mening. Barnehagen skal anerkjenne og verdsette barna sine ulike kommunikasjonsuttrykk og språk. Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen, og alle barn skal få delta i aktivitetar som fremmer kommunikasjon og ei heilskapleg språkutvikling.	
Korleis	
Slik jobbar vi med å fremme kommunikasjon og språk:	
Med småspirene:	
<ul style="list-style-type: none">- Personalet må anerkjenne og respondere på barnas ulike verbale og non-verbale uttrykk og støtte språkutviklinga deira.- Nytt song, rim, regler, forteljingar- Nytt konkretar og biletar for visualisering- Nytt kvardagssituasjonar som t.d. måltid, stell og garderobesituasjonar til aktiv språklæring.	
Med dei mellomste:	
<ul style="list-style-type: none">- Personalet stimulere barna sin verbale og non-verbale kommunikasjon, og leggje til rette for at alle barna involverast i samspel og samtaler.- Personalet må være bevisst på sine roller som språklege forbilder og være lydhøyre i kommunikasjon med alle barn.	

- Me har samlingar kvar dag med song, musikk, dans, rim/regler, bøker, språkleiker, dramatisering av eventyr, høgtlesing osv .
- Bruka av konkretar og bilete er viktig i høve til visualisering, både for språksterke og språksvake barn.
- Me nyttar kvardagssituasjonane til samtale med barna, f.eks. under måltid, påkledning, samlingar, i leiken, på turar osv. Hjelpe barna med å setje ord på ting.

Med skolespirene:

- Personalet må være bevisst på sine roller som språklige forbilder og være lydhøre i kommunikasjon med alle barn.
- Har samlingar kvar dag med song, musikk, dans, rim/regler, bøker, språkleiker, dramatisering av eventyr, høgtlesing osv.
- Nytter spel, IKT, og tekstsakaping i større grad med dei eldste barna.
- Turar til biblioteket på Bremnes.
- Nytte kvardagssituasjonane til samtale med barna, feks under måltid, påkledning, samlingar, i leiken, på turar osv. Hjelpe barna med å setje ord på ting.

Personalet jobbar med «Språkløyper», eit kompetansehevingsprogram frå Udir(Utdanningsdirektoratet), som skal være til hjelp i arbeidet med språk og språkutvikling for alle aldersgrupper i barnehagen.

Me må ha god og tidleg dialog med føresette jf. språkutvikling.

Me har godt samarbeid med PPT og logoped når barn strevar med språket



Barnehagen skal sørge for eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø

Kva	
I vår barnehage skal alle barn ha det trygt og godt.	Vi skal førebygge tilfelle der barn ikkje har det trygt og godt ved å kontinuerleg arbeide for å fremme helsa, trivselen, leiken og læringa til barna.
I vår barnehage følger vi med på korleis alle barn i barnehagen har det.	I tilfelle der vi får kjennskap til, eller mistanke om, at eit eller fleire barn ikkje har det trygt og godt, skal vi undersøke saka og finne eigna tiltak.
I vår barnehage skal barnehagedagen vere noko barna ser fram til.	Vi skal sørge for at det er ein kultur som verdset og anerkjenner mangfaldet i barnehagen. Alle barn skal oppleve å vere ein del av eit fellesskap der dei er viktige og verte møtt med respekt, medkjensle og tryggleik.
Kvifor	
Eit trygt og godt barnehagemiljø inneberer at alle barn skal oppleve at dei er inkludert i barnehagegruppa, opplever å vere viktige for fellesskapet, og at det å gå i barnehagen er ei positiv oppleveling som dei ser fram til.	
I barnehagelova står det at alle barn har rett til eit godt psykososialt barnehagemiljø. Om eit barn, foreldra eller barnehagen mistenker, eller har kjennskap til at eit eller fleire barn ikkje trivast i barnehagen, har barnehagen aktivitetsplikt. Det inneberer at barnehagen skal undersøke saka og lage ein plan med tiltak om saka krev det. Foreldre og barn skal verte involvert og medverke i prosessen.	
Korleis	
Slik arbeider vi for å fremme trygge og gode psykososiale barnehagemiljø:	
<p>Med småspirene:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Jobbe med kjenslene glad, lei seg, sint og redd. - Kroppsdelar, min kropp og din kropp. - Støtte barna i relasjonsbygging og gi dei trygge rammer i barnehagen - Lage gode leikemiljø der barna føler seg inkluderte i leiken og fellesskapet <p>Med dei mellomste:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Me har fokus på venskap og inkludering - Me jobbar aktivt med å førebyggje mobbing, krenkingar og utesetjing. - Samtalar om eigen kropp og grenser. Barna vert kjende med kroppen sin og blir medvitne sine eigne og andre sine grenser. - Barna skal kjenne at dei vert sett og anerkjende for den dei er, og synleggjere den einskilte sin plass og verdi i fellesskapet. - Lage gode leikemiljø der barna føler seg inkluderte i leiken og fellesskapet <p>Med skolespirene:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Me jobbar aktivt med å førebyggje mobbing, krenkingar og utesetjing. - Lage gode leikemiljø der barna føler seg inkluderte i leiken og fellesskapet 	

- Samtalar om eigen kropp og grenser. Barna vert kjende med kroppen sin og blir medvitne sine eigne og andre sine grenser.
- Barna skal kjenne at dei vert sett og anerkjende for den dei er, og synleggjere den einskilte sin plass og verdi i fellesskapet.
- Lage gode leikemiljø der barna føler seg inkluderte i leiken og fellesskapet

For å utvikle ei god psykisk helse er det viktig å kunne kjenne på eigne kjensler, ha eit positivt sjølvbilete, ha respekt for seg sjølv og andre, ha grenser for eigen kropp, respekt for andre sine grenser, kjenne seg som ein del av fellesskapet osv. Rammeplanen, fagområde "kropp, rørsle, mat og helse", seier m.o.a at barnehagen skal bidra til at barna:

- vert kjende med kroppen sin og blir bevisste på sine eigne og andre sine grenser.
- vert trygge på eigen kropp, får ei positiv oppfatning av seg sjølve og vert kjende med sine eigne kjensler.
- set grenser for sin eige kropp og respekterer andre sine grenser.
- får oppleve omsorgsfulle relasjonar mellom barna og personalet, og mellom barna sjølve, som grunnlag for trivsel, glede og meistring.

I arbeidet med kropp og helse nyttar me «Stine Sofies Barnehagepakke». Dette er materiell som kan gjere barnehagepersonell betre rusta til å snakke med barna om kropp, kjensler og grenser, og kunne avdekke eventuelle situasjonar kring vald og overgrep mot barn så tidleg som mogleg.

Aktivitetsplikta: Barnehagelova §42: Når eit barn kjenner og seier at det ikkje har det bra, foreldra eller personalet ser at eit barn ikkje har det bra må me starte ein dialog og aktivitetsplikta aktiverast. Me skal saman komme fram til gode løysingar for korleis barnet skal få det betre.

Opplysningsplikta: Barnehagelova §46: Når tilsette har ei bekymring for eit barn må ein vurdere om dette skal meldast til barnevernet. I tilfelle som gjeld vald og/eller seksuelle overgrep skal ein melde utan å involvere foreldra først.

Barn sin medverknad

Kva
Vi skal vareta barna sin rett til medverknad i barnehagekvardagen.
Kvifor
Barnehagen skal vareta barna sin rett til medverknad. Barna skal jamleg få moglegheit til aktiv deltaking i planlegginga og vurderinga av barnehagen si verksemd. Alle barn skal få erfare å få innflyting på det som skjer i barnehagen. Barnehagen skal vere medvitne på barna sine ulike uttrykksformer og legge til rette for medverknad på måtar som er tilpassa barnet sin alder, erfaringar, individuelle føresetnader og behov.
Korleis
Slik legg vi til rette for barn sin medverknad:
Med småspirene:
<ul style="list-style-type: none"> - Me observerer dei yngste barna og dei som slit med å uttrykke seg verbalt, sjå etter kroppsspråket deira, noterer kva me ser og tar det med oss i planlegginga.

- Me dokumenterer og reflekterer over praksisen vår slik at me heile tida er i utvikling og ser at me er «på rett veg».
- Er observante på uttrykk og signal barna sender oss.

Med dei melleomste barna og skulespirene:

- Me skal ta barna med i refleksjonsarbeidet. Sjå gjennom bilet og anna dokumentasjon i lag med barna, samtale rundt kva som vart gjort, kva var kjekt, ikkje så kjekt osv.
- Me møter barna sin spontanitet og kan «velte» ein plan for å gjere noko anna som barna har meir lyst til der og då.
- Me observerer ved å lytte på og sjå etter kva barna er opptekne av i leiken, i samtalane sine, i innspel og forslag frå dei. Me skal nytte denne informasjonen i vidare planlegging.
- Me skal ta innspel frå barna på alvor, og dei skal få ei oppleveling av at dei har reelle val i ulike situasjoner.
- Me skal ha barnemøter i større og mindre grupper. Tar barna med i planlegging av aktivitetar og andre gjeremål.
- Me dokumenterer og reflekterer over praksisen vår slik at me heile tida er i utvikling og ser at me er «på rett veg».
- Har barnesamtalar 1:1 fordi nokre barn snakkar helst åleine med ein voksen.
- Skulespirene får delta på utvalde leiarmøte for å evaluere planar og aktivitetar.

Foreldresamarbeid og foreldra sin medverknad

Kva
Vi skal vareta foreldra sin rett til medverknad og arbeide i nært samarbeid og forståing med foreldra. Vi skal legge til rette for eit godt foreldresamarbeid. Foreldresamarbeidet skal skje på individnivå, med foreldra til kvart enkelt barn, og på gruppenivå gjennom foreldreråd og samarbeidsutval.
Kvífor
Samarbeidet skal sikre at foreldra får medverke til den individuelle tilrettelegginga av tilbodet. Både foreldra og personalet må forhaldar seg til at barnehagen har eit samfunnsmandat og verdigrunnlag som det er barnehagen si oppgåve å forvalte.
Korleis
Slik arbeider vi for å fremje eit godt foreldresamarbeid mellom heimen og barnehagen:
<ul style="list-style-type: none"> - Ha oppstartsmøter, oppfølgingsmøter og samtalar. - Foreldremøte - Nyte spireportalen aktivt - Me skal ha god dialog med foreldre om kva dei ser barna er opptekne av i heimen. - Ha tett dialog ved levering og henting for å oppretthalde god kontakt mellom barnehagen og heimen. - Vera lydhøyre, endringssvillige, og alltid ha barnas beste i fokus. - Førebyggje mobbing i barnehagen ved at foreldre og tilsette kommuniserer godt. - Ha SU-møter for representantar frå foreldrerådet(som er heile foreldregruppa), dei tilsette og frå eigars. - Foreldreråd

Tilvenning av nye barn

Kva
Ei god og trygg tilvenning legg grunnlag for ei god barnehagetid. Espira har ein eigen standard for korleis vi skal arbeide med tilvenning av nye barn: Småspirestandard
Kvifor
Barnehagen skal i samarbeid med foreldra legge til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å verte kjent, etablere relasjonar og knytte seg til personalet og til andre barn. Når barnet byrjar i barnehagen skal personalet sørge for tett oppfølging den første tida slik at barnet kan oppleve tilhørsel og tryggleik til å leike, utforske og lære.
Korleis
<p>Slik legg vi til rette for ei god tilvenningstid:</p> <p>På våren inviterer me dei barna som skal starta i barnehagen det året på 2 besøksdagar. Då får dei sjå seg litt rundt i barnehagen, stille spørsmål og møte nokre av dei tilsette. Foreldra kjem så på ein oppstartssamtale før barna startar i barnehagen. Då går me gjennom spørsmål kring barnet og familien slik at me vert betre kjend med kvarandre før oppstart.</p> <p>Dei første dagane i barnehagen oppfordrar me til at barna har korte dagar. Kor lenge foreldra er med barnet under tilvenninga tilpassast etter behovet til kvart einskild barn, då nokon har trong for meir tid enn andre. Me har tett dialog med foreldra heile tida om korleis det går gjennom samtalar, meldingar og biletar. Oppfølgingssamtale tilbys når etter 2-8 veker, eller ved behov. Barna skal få venne seg til barnehagen i sitt eige tempo, alle er ulike og har ulike behov.</p> <p>Når barna skal over på stor avdeling har me ei tilvenningstid i forkant slik at barna vert kjende med si nye avdeling. Det er ein stor overgang å komme frå liten til stor avdeling, og det er viktig at alle vert vareteke på ein god måte. Pedagogane har overgangssamtalar for å sjå til at overgangen skal bli så god som mogleg. Foreldra vert inviterte til oppstartssamtale med ein av pedagogane på den nye avdelinga, og held god dialog gjennom tilvenningstida.</p>



Samarbeid og samanheng med skulen

Kva
Gode opplevingar med å vere eldst i barnehagen og møte med nye arbeidsmåtar og få erfaringar tilpassa det dei er opptekne av og interessert i. Barna skal verte kjent med skulen og kva som ventar dei. Mange kallar tilbodet til dei eldste for førskulegruppa, vi kallar det for Skolespira.
Kvifor
Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen legge til rette for at barna kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule og eventuelt skulefritidsordning.
Dei eldste barna skal få moglegheit til å glede seg til å byrje på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehage og skule. Barnehagen skal legge til rette for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskap og ferdigheter som kan gi dei eit godt grunnlag og motivasjon til å byrje på skulen. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetida på ein god måte og møte skulen med nysgjerrigkeit og tru på eigne evner. Barna skal få verte kjent med kva som skjer i skulen og fritidsordninga.
Korleis
Slik arbeider vi med skulespira: Me har skulespira 2 gonger i veka, ein dag inne og ein turdag. På turane våre vil me ha eit innhald og ei «oppgåve», men det er også viktig å legge inn tid til frileik. På turane brukar me naturen til å lære. Turane skal alltid innehalde eit mål. Me tek bilete, dokumenterer, undrar oss, utforskar osv. Fokus på gjenkalling og refleksjon når me kjem tilbake til barnehagen, eller på «innedagen» vår. Når me har innedag på «loftet» har me fokus på sosial kompetanse, leik, læring, vennskap og fellesskap. I samarbeid med skulen har me besøk hos rektor, overføringsmøte med kontaktlærar, besøk av kontakt lærar, besøksdag og turdag med 1.klasse og fadrane. Espira sine rammer for skulespira: <ul style="list-style-type: none">- minimum 6 timer til skolespireaktivitetar kvar veke- ein pedagog har ansvar for organisering og gjennomføring- Deltaking i skulespira-nettverk for ansvarleg pedagog- minimum 3 gonger pr. år- etablering av kontakt med skulen(e)



Espira sine satsingsområde

Kva
Espira har tre satsingsområde: Språk, realfag og bevegelse. Desse områda er viktige for barna si heilskaplege utvikling og livslang læring. I Espira skal alle barn møte desse satsingsområda på varierte og spennande måtar.
Kvifor
Språk, realfag og bevegelse, i kombinasjon med eit sunt kosthald dekker grunnleggande område som er viktig for barna si utvikling her og nå, og i framtida. Kombinasjonen er viktig fordi kropp og hjerne heng saman og påverkar kvarandre gjensidig. Fysisk aktivitet påverkar barna sin trivsel og utvikling positivt. Realfagleg utforsking fremmer nysgjerrigkeit og vitebegjær. Realfaglege samtalar gir viktige språklege erfaringar, og språklege ferdigheter er igjen avgjerande for leik og læring. Samla gir våre satsingsområde barna verktøy til å forstå seg sjølv og verda, kommunisere og delta – og til å gi kropp og hjerne det dei treng for å spele på lag i leik og læring. Fordi god språkleg dugleik er avgjerande for livsmeistring, både sosialt, kognitivt og emosjonelt. Fordi tidleg og god erfaring med realfag påverkar den generelle kognitive utviklinga og læring innafor andre fagområde. Fordi aktivitetsnivået påverkar den fysiske og psykiske helsa vår, og fordi den generelt er for stor variasjon i aktivitetsnivå til barnehagebarn Fordi barnehagen skal være ein arena for dagleg fysisk aktivitet Fordi me skal fremje si rørsleglede og motorisk utvikling
Korleis
Slik jobbar vi med språk, realfag og bevegelse: Med småspirene: Språk: Med de minste har me mykje fokus på korleis med nyttar språket i alle situasjonar. Me bruker ord på alt me gjer, for å sikre god innlæring av omgrep. I måltidssituasjonar og påkledning har me fokus på å øve på ord knytta til det. Me leiker, improviserer og eksperimenterer med song, rim, rytm, lydar og ord. Me nyttar høgtlesing av bøker og har eventyr og forteljingar som gir både spenning og glede. Realfag: Realfag i barnehagen omfatter fagområdene "Antall, rom og form" og "Natur, Miljø og teknologi." Med småspirene bruker me telling, sortering og kategorisering som ein naturleg del av kvardagen, men også i tilrettelagte aktivitetar. Barna får bruke kroppen og sansane sine for å utvikle romforståing. Hinderløype, rom i rommet, leik med kassar, pappesker os. Me er ute året rundt og opplever naturen og naturens mangfold og legger til rette for gode opplevelsar i naturen. Me tar med oss naturen inn for å utforske nærmere, sanseopplevingar, og lærer om ulike dyr og dyreliv.

Me utforsker og eksperimenterer med ulike forsøk tilpassa alder.

Rørsle:

Gå tur i nærområdet
Gå i ulent terrenget, skogen
Rørslesongar
Koordinasjon
Risikofylt leik
Variate rørslemiljø

Med dei mellomste:

Språk:

Ved å ha fokus på korleis me nyttar språket i alle situasjonar
Ved å ha mykje planlagde og spontane aktivitetar
Ved å nytte rim, rytme og regler.
Mykje høgtlesing, forteljing og samtaler med barna.
Ved å ha mange bøker tilgjengeleg
Nytte måltidssituasjonar og påkledningssituasjonar til å ha gode samtaler med barna. Øve på ord og omgrep.

Realfag:

Ulike forsøk og aktivitetar
Ved å nytte teljing, sortering, kategorisering som ein naturleg del av kvardagen

Rørsle:

Gå turer i nærområdet
Låne gymsalen - øve på balanse, hoppe, springe. Hinderløyper. Haien kommer, tikken, stivheks osv.
Gå i ulike terrenget

Med skulespirene:

Språk:

Nytte internett for å finne ut av ting i lag, samtale kring dette.
Ha fokus på korleis me nyttar språket i alle situasjonar.
Ha mykje planlagde og spontane aktivitetar
Nytte rim, regler og rytme
Ha mykje høgtlesing, forteljing og samtaler.
Ha mange bøker tilgjengeleg.
Nytte måltid- og påkledningssituasjonar til gode samtaler.

Realfag:

Ha ulike forsøk og aktivitetar
Ved å bruke teljing, sortering, kategorisering som ein naturleg del av kvardagen.

Rørsle:

Gå lengre turer, t.d til Hovda og Siggjo
Låne gymsalen - Øve på balanse, En – to- tre rødt lys, Haien kommer, tikken, stiv heks osv.
Gå i ulike terrenget
Delta på Espiraleikane med alle Espirabarnehagane på Bømlo(våren-25)

Lokale satsingar

Kva
Leik, inkluderande pedagogiske leikemiljø, og vaksenrolla i leiken
Kvifor
Eit godt leikemiljø kan bidra positivt til barna sin trivsel, livsmeistring, inkludering, at barna får utfalte seg, være kreative og lære nye ting. For å implementere Rammeplan for barnehagen til god praksis og handling må heile barnehagen sitt personale arbeide saman om eit felles mål om å skape gode leikemoglegheiter for barna.
Korleis
Slik jobbar vi med lokale satsingar: <p>Personalgruppa er i gong med eit utviklingsprosjekt «Leik, inkluderande pedagogiske leikemiljø, og vaksenrolla i leiken». Dette er gjennom REKOMP(Regional kompetanseheving for barnehagar) saman med ressurspersonar frå NLA Høgskulen. Me starta opp hausten 2023, og vil verte avslutta på våren 2025. Me nyttar personalmøter, planleggingsdagar, eigenstudie og mellomarbeid til å skape felles forståing for leik, vaksenrolla og viktigheita avgode inkluderande pedagogiske leikemiljø.</p>
Med småspirene: <ul style="list-style-type: none">-personalet skal forstå korleis barn i alderen 1-3 år leiker og kva dei har trong for i leiken-skape ulike «rom i rommet»-observere leiken: Kva er dei minste opptekne av? T.d. så dei samler på ting, tømmer ut, fyller på igjen osv.-«mengdeprinsippet»: å ha færre type leiker, men fleire av same-ha leikemateriell tilpassa aldersgruppa-Personalet er «scenearbeidarar»
Med dei mellomste: <ul style="list-style-type: none">-personalet skal forstå korleis barn i alderen 3-5 år leiker, og kva dei har trong for i leiken.-skape ulike «rom i rommet», leikesoner, hytter, telt -skape fleksible leikesoner, leikesoner som kan tilpassast etter behovet-ha eit godt utval av nøytrale grunnmateriell i tillegg til tradisjonelle leiker.-gjenbruk av materiell Bruke definert og udefinerbart materiell.-la barna sine ønsker og interesser gjenspeiles i materiellutvalg og utforming av leikemiljø-personalet skal være aktive deltarar og legge til rette for leik.-«leggje ut leikespor»-Personalet er «scenearbeidarar»
Med skolespirane: <ul style="list-style-type: none">-personalet skal forstå korleis 5-6 åringen leiker, og kva som er viktig for dei.-La barna bestemme over eigen leik, få komme med ønskjer og innspel.-Gje barna ulike opplevingar som kan «leikast» ut etterpå-Leggje til rette for leik som alle kan delta i, som gjev meistringskjensle uavhengig av meistringsnivå.

- leikemateriell skal være tilgjengeleg for leik
- Personalet skal fungere som «scenearbeidrarar»



Vurderingsarbeid

Kva
<p>Vi skal jamleg vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal skildrast, analyserast og tolkast ut frå barnehagen sine planar, barnehagelova og rammeplanen. Vurderingsarbeidet handlar om at vi jobbar saman om å forbetre praksisen i barnehagen.</p> <p>Espira har utvikla sin eigen systematiske vurderingsmetodikk, Espira BLIKK. Vi vurderer årleg kjenneteikna på kvalitet som er skildra under kapittelet ”Barnehagen sitt formål og innhald”. Anna kvart år kjem pedagogar frå ein annan Espira barnehage og observerer og vurderer den pedagogiske praksisen etter dei same kjenneteikna. Vi følgjer opp vurderingane med mål og tiltak for korleis vi skal utvikle kvaliteten på den pedagogiske praksisen vidare.</p>
Kvifor
<p>Hovudformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får eit tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen.</p> <p>Vurderingsarbeidet bygg på refleksjonar som heile personalgruppa er involvert i. Felles refleksjon over det pedagogiske arbeidet gir personalet eit utgangspunkt for vidare planlegging og gjennomføring.</p>
Korleis
<p>Slik jobbar vi med vurdering:</p> <ul style="list-style-type: none">-Personalmøter-Avdelingsmøter-Planleggingsdagar-Foreldreundersøking-Me nyttar rapportane etter Espira Blikk observasjonar, og reflekterer over funna. Ut i frå dette lagar me mål og tiltaksplanar; Kva må me jobbe vidare med og forbetre? Kva er me gode på? Barna skal og få være med i vurderingsarbeidet i ulike fora. Det er viktig at deira stemme vert høyrt.

Kontaktinformasjon

Styrar	Marion Røysland Våge
E-post	marion.vage@espira.no
Telefon	53425493 / 92204943
Adresse	Motorsportvegen 7, 5437 Finnås